

5 / 2023

# RAPPORT

2023

## **Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 3**

Kjennskap, bruk og nytte av NKR, EQF og  
læringsutbyteskildringar for norske  
arbeidsgjevarar



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUTs overordna mandat, myndigheit og faglege sjølvstende er spesifisert i universitets- og høgskolelova. I tillegg til fagleg uavhengige oppgåver skildra i lover og forskrifter har NOKUT ordinære forvaltningsoppgåver delegert frå departementet.



NOKUTs føremål er å sikre og fremje kvalitet i utdanning ved

- å føre tilsyn med, informere om og bidra til å utvikle kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning
- å godkjenne og informere om utanlandsk utdanning og informere om utsiktene for godkjenning av utanlandsk utdanning og kompetanse i Noreg



Arbeidet NOKUT gjer, skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og godkjend utanlandsk utdanning..



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar, godkjenning av utanlandsk utdanning og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på [nokut.no](http://nokut.no).



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

<b>Tittel</b>	Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 3
<b>Forfatter(e)</b>	Jon Furholt, Kristoffer Fretland Øygarden og Gerhard Y. Amundsen
<b>Dato</b>	24.05.2023
<b>Rapportnummer</b>	5-2023
<b>ISSN-nr</b>	1892-1604

© NOKUT Oppgi NOKUT som opphav ved bruk av materiale.

## Forord

Denne delrapporten inngår i ei evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring som NOKUT gjer på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Den presenterer datamaterialet frå ei spørjeundersøking som har gått ut til norske verksemder. Dette materialet inngår i det empirisk grunnlaget for å vurdere i kva grad norske arbeidsgjevarar kjenner til og bruker Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Tala i denne undersøkinga er samla inn gjennom Virksomhetsbarometeret, i regi av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Denne rapporten er den tredje, deskriptive rapporten i evalueringa. Den fyrste deskriptive rapporten presenterer perspektivet til utdanningsinstitusjonar og fagmiljø på NKR, og den andre presenterer studentanes forhold til NKR og læringsutbyteskildringar. For øvrig viser vi til evalueringas hovudrapport som blir ferdigstilt i 2023.

NOKUT vil takke alle respondentane for deltaking i undersøkinga. Vi vil også takke Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse for å gje NOKUT tilgang til arbeidet med Virksomhetsbarometeret.

# Innhold

<b>1 Introduksjon</b> .....	<b>5</b>
1.1 Kort om NKR .....	5
1.2 Om Virksomhetsbarometeret og utvalet .....	7
<b>2 Resultata frå undersøkinga</b> .....	<b>9</b>
2.1 Kjennskap til kvalifikasjonsrammeverk .....	9
2.2 Nytte av NKR og læringsutbyteskildringar .....	16
2.3 Nytte av det Europeiske kvalifikasjonsrammeverket EQF .....	21
<b>3 Oppsummering</b> .....	<b>23</b>

# 1 Introduksjon

Denne rapporten er ein del av grunnlaget for NOKUTs evaluering av *Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR)*, og presenterer datagrunnlaget for arbeidsgjevarars kjennskap, bruk og nytte av NKR. Dette er resultat som er henta inn via Virksomhetsbarometeret 2022.

I denne rapporten presenterer vi resultatata frå undersøkinga, og det er desse som ligg til grunn for diskusjonane i evalueringas hovudrapport. Vi vil i denne introduksjonen gje ein kort presentasjon av NKR, EQF og læringsutbytteskildringar, og skildre rammene for undersøkinga, Virksomhetsbarometeret og utvalet som inngår i undersøkinga. I Kapittel 2 presenterer vi resultatata frå undersøkinga. Fyrst vil vi presentere kjennskapen verksemdene har til NKR, læringsutbytteskildringar og det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF). Vidare dekkjer vi verksemdenes vurdering av nytten av NKR og læringsutbyttebeskrivelser, før vi presenterer verksemdenes nytte av EQF.

## 1.1 Kort om NKR

Eit sentralt verktøy for å setje ord på og skildre kompetanse i det formelle utdanningssystemet i Noreg er NKR. Rammeverket er utvikla for å skildre kva nivå norske utdanningkvalifikasjonar har, og for å kunne utforme standardiserte skildringar av læringsutbyttet for alle utdanningar i Noreg. Gjennom lov og forskrift er institusjonar innan høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning pålagt å sikre at utdanningane tilfredsstillar krav til både nivå i NKR og krav til læringsutbytteskildringar.<sup>1</sup>

Ein funksjon ved kvalifikasjonsrammeverk er å forstå utbyttet av ulike opplæringsløp, og forstå og samanlikne kvalifikasjonar på tvers av tilbydarar og landegrenser. Dette er verktøy som mellom anna skal gjere det enklare for arbeidsgjevarar å orientere seg, eller vurdere og forstå kompetansen til arbeidssøkjjarar og arbeidstakarar.

Ein føresetnad for at NKR skal ha verdi for arbeidsliv og storsamfunnet, er at det er kjent blant arbeidsgjevarar, og at desse opplever det som forståeleg og nyttig. Vi har derfor stilt verksemdene som har deltatt i undersøkinga, spørsmål om NKR og EQF, og dessutan om læringsutbytteskildringar.

Vi kan skildre desse tre momenta slik:

1. *Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR)* blei innført i 2011, og er eit verktøy som skal samle norske utdanningkvalifikasjonar i eitt felles rammeverk<sup>2</sup>. Gjennom ein overordna standard for utbyttet av ulike former for opplæring skal NKR bidra til anerkjenning av kompetanse, og gjere det lettare å samanlikne kvalifikasjonar frå ulike læringsløp og eit mangfald av arenaer. På den måten skal NKR vise nivået ulike kvalifikasjonar ligg på. Når ein kvalifikasjon har eit formulert læringsutbytte og

---

<sup>1</sup> Universitets- og høgskulelova, studiekvalitetsforskrifta, studietilsynsforskrifta, fagskulelova, fagskuleforskrifta, fagskuletilsynsforskrifta, forskrift om NKR og EQF.

<sup>2</sup> Det kongelige kunnskapsdepartementet, «Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring», 15. november 2011, [https://www.nokut.no/siteassets/nkr/nasjonalt\\_kvalifikasjonsrammeverk\\_for\\_livslang\\_laring\\_nkr\\_n.pdf](https://www.nokut.no/siteassets/nkr/nasjonalt_kvalifikasjonsrammeverk_for_livslang_laring_nkr_n.pdf).

- plassering i NKR, kan til dømes studentar, arbeidsgjevarar og resten av samfunnet lettare forstå kva kompetanse ein kan forvente at ein person har etter enda utdanning.<sup>3</sup>
2. *Det Europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF)* er eit internasjonalt kvalifikasjonsrammeverk som knyter ulike nasjonale rammeverk saman i eit såkalla *metarammeverk*. Dette gjer det mogleg å samanlikne og forstå nivå og kvalifikasjonar på tvers av landegrensar og nasjonale utdanningssystem. EQF og andre internasjonale rammeverk er meinte å støtte mobilitet over grensene, og fremje livslang læring og fagleg utvikling på tvers av landegrensar. EQF blei oppretta i 2008, og i Noreg refererte NKR til EQF ved innføringa i 2011.

Figur 1 Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF)



Illustrasjonen er henta frå NOKUT u.d.

3. *Læringsutbytteskildringar* handlar om det utbytet ein person er forventa å ha etter fullført utdanning. Det vil seie det ein person veit, kan og er i stand til å gjere som resultat av ein læringsprosess. NKR gjev standardar for nivået på, og formuleringane av, slike læringsutbytteskildringar. Kvalifikasjonane for eit studieprogram eller emne blir skildra gjennom læringsutbyte oppnådd i følgjande kategoriar:
- Kunnskapar, som er forståing av teoriar, faktum, omgrep, prinsipp, prosedyre innanfor fag, fagområde og/eller yrke.
  - Ferdigheiter, som er evne til å nytte kunnskap til å løyse problem og oppgåver. Ferdigheitene kan vere av ulik art – til dømes kognitive, praktiske, kreative og kommunikative.
  - Generell kompetanse, som er å kunne nytte kunnskap og evner på sjølvstendig vis i ulike situasjonar igjennom å vise samarbeidsevne, ansvarlighet, evne til refleksjon og kritisk tenking i utdanning og yrkessamanheng.

<sup>3</sup> NOKUT, «Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring», nokut.no, 2019, <https://www.nokut.no/norsk-utdanning/nasjonalt-kvalifikasjonsrammeverk-for-livslang-laring/>.

## 1.2 Om Virksomhetsbarometeret og utvalet

Virksomhetsbarometeret er ei spørjeundersøking retta mot eit representativt utval av norske verksemdar, og blei sist gjennomført av Kompetanse Norge i 2019. I 2022 blei undersøkinga gjennomført som eit samarbeid mellom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) og NOKUT. NOKUT finansierte datainnsamlinga. Årsaka til samarbeidet var at NOKUT ønskte å hente inn informasjon om kva verktøy det norske arbeidslivet bruker når dei skal vurdere kompetansen til tilsette og arbeidssøkjjarar, kompetansebehovet for verksemdene og korleis dei arbeider med kompetanseutvikling. I tillegg ønskte NOKUT å evaluere kjennskapen til og bruken av NKR, læringsutbytteskildringar og det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF) blant verksemdene.

Virksomhetsbarometeret blei gjennomført som en telefonundersøking (CATI) i perioden 18. mars–11. april 2022 av Opinion. Bruttoutvalet var 30073 personar. Av desse blei 12314 kontakta, og oppringinga blei stoppa då vi hadde oppnådd 1700 svar. Den reelle svarprosenten (svartilbøyelegheita) er 13,8 prosent. For å sikre eit representativt utval blei respondentane trekt ut ved stratifisering, hovudsakleg etter verksemdsstorleik. Intervjuarane snakka med dagleg leiar, personaleiar eller ein annan som jobbar med strategien og kompetansen for verksemda. Undersøkinga er representativ for alle verksemdene som er registrerte i Noreg med minst to tilsette, og inkluderer private bedrifter (81 prosent), offentlege verksemdar (16 prosent) og frivillige organisasjonar (3 prosent). 78 prosent av verksemdene i utvalet er små (1–20 ansatte), 19 prosent er mellomstore (21–100 ansatte) og 3 prosent er store (101 tilsette eller flere). Samanlikna med populasjonen av verksemdar i Noreg er dei mellomstore verksemdene noko overrepresentert i utvalet vårt.<sup>4</sup> Andelen tilsette med utanlandsk utdanning i verksemdene varierer noko – 83 prosent av bedriftene har få eller ingen tilsette med utanlandsk utdanning (Ingen – 20%), 11 prosent har ein moderat del (21% - 50%) medan 6 prosent har flest tilsette med utanlandsk utdanning.

Tabell 1.1 og 1.2 viser korleis utvalet fordeler seg på ulike bransjar og generelt utdanningsnivå.

Tabell 1.1: Fordeling av utvalet på hovudbransjar (prosent).

Hovudbransje	Tal respondentar	Andel av utval
<b>Jordbruk, skogbruk og fiske</b>	50	2,9
<b>Bergverksdrift og utvinning</b>	9	0,5
<b>Industri</b>	89	5,2
<b>Elektrisitets-, gass-, damp- og varmt</b>	7	0,4
<b>Vatnforsyning, avløps- og renovasjonsverksemd</b>	12	0,7
<b>Bygge- og anleggsverksemd</b>	205	12,1
<b>Varehandel, reparasjon av motorvognar</b>	411	24,2
<b>Transport og lagring</b>	79	4,7
<b>Overnattings- og serveringsverksemd</b>	89	5,2
<b>Informasjon og kommunikasjon</b>	54	3,2
<b>Finansierings- og forsikringsverksemd</b>	14	0,8

<sup>4</sup> «Virksomhetsbarometeret 2022: Norske virksomheters arbeid med kompetanse». Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse, ikkje publisert.

<b>Omsetning og drift av fast eiendom</b>	51	3,0
<b>Fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting</b>	142	8,4
<b>Forretningsmessig tenesteyting</b>	61	3,6
<b>Offentleg administrasjon og forsvar, og trygdeordningar underlagt offentlig forvaltning</b>	28	1,7
<b>Undervisning</b>	75	4,4
<b>Helse- og sosialtenester</b>	198	11,7
<b>Kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar</b>	48	2,8
<b>Anna tenesteyting</b>	78	4,6
<b>Total</b>	1 700	100

Tabell 1.2: Fordeling av utvalet mot utdanningsnivå på tilsette.

Utdanningsnivå tilsette	Tal respondentar	Andel av utval
<b>Mi verksemd har flest tilsette med høgare utdanning</b>	548	32,6
<b>Mi verksemd har flest tilsette med høgare yrkesfagleg utdanning</b>	237	14,1
<b>Mi verksemd har flest tilsette med fag- eller svennebrev (eller anna yrkesfagleg utdanning)</b>	397	23,6
<b>Mi verksemd har flest tilsette med utdanning frå allmennfagleg vidaregåande</b>	286	17,0
<b>Mi verksemd har flest tilsette med grunnskule</b>	138	8,2
<b>Ingen av påstandane</b>	77	4,6
<b>Total</b>	1 683	100

Verksemdene innan varehandel og reparasjon av motorvogner utgjer omtrent ein fjerdedel av utvalet. Deretter kjem bygg- og anleggsverksemd, og helse- og sosialtenester, som utgjer omtrent 12 prosent kvar av utvalet. Til saman dekkjer desse bransjane rett under halvparten av datagrunnlaget, medan resten av utvalet fordeler seg meir eller mindre jamt på resten av bransjane. Når det gjeld utdanningsnivået på tilsette, svarer ein tredjedel at dei har flest tilsette med høgare utdanning, og omtrent ein fjerdedel at dei har flest med fag- eller sveinebrev. Deretter kjem verksemdar med flest tilsette med utdanning allmennfagleg vidaregåande (17%), høgare yrkesfagleg utdanning (14%), og til sist grunnskuleutdanning (8%) som høgaste fullførte utdanning.

Tabell 1.3 viser andel av respondentane som svarar «ja» på at dei manglar tilsette på spesifikke utdanningsnivå.

Tabell 1.3: Andel av respondentane som svarar at dei manglar tilsette med utdanning på spesifikke utdanningsnivå.

Manglar verksemda utdanning på følgande nivå:	Andel "ja"
<b>Grunnskule</b>	2 %
<b>VGS (studiespesialisering)</b>	9 %
<b>VGS (yrkesfag)</b>	36 %
<b>Fagskule</b>	41 %



Høgare utdanning (BA)	46 %
Høgare utdanning (MA)	38 %
Høgare utdanning (PhD)	13 %

Den største mangelen på utdanning, frå bedriftanes perspektiv, er på bachelornivå (46%) og høgare yrkesfagleg utdanning (41%). Rett bak finn me behovet for utdanning på mastergradsnivå (38%) og vidaregåande med yrkesfagleg utdanningsprogram (36%).

## 2 Resultata frå undersøkinga

I den følgjande gjennomgangen av resultata frå undersøkinga vil vi fyrst presentere tal for kjennskapen til NKR, til EQF og til læringsutbytteskildringar generelt. Vidare vil vi sjå på korleis arbeidsgjevarane vurderer nytten av dei ulike verktøya for ulike føremål. Desse tre er tett kopla til kvarandre og inngår i same kompleks. Vi har imidlertid også vore interessert i skilnader mellom dei. Difor har vi spurt om kjennskapen og nytten til kvar av dei, uavhengig av kvarandre. Vi refererer til dei som tre ulike verktøy fordi dei har potensiale for litt ulik bruk, sjølv om denne inndeling kan etterlate inntrykk av at dei er meir uavhengig av kvarandre enn dei i realiteten er.

### 2.1 Kjennskap til kvalifikasjonsrammeverk

Ein føresetnad for at verktøya blir brukt, er at verksemdene kjenner til dei. Vi spurde derfor verksemdene om dei kjenner til NKR, læringsutbytteskildringar eller EQF. Dei kunne oppgi at dei kjenner til eitt eller fleire av verktøya.

Kjennskapen til dei tre verktøya er relativt lik. Det er høgast andel som kjenner til NKR, med 15 prosent. 14 prosent kjenner til læringsutbytteskildringar, medan 12 prosent kjenner til EQF.

Hovudtrekket er at det ikkje er utbreidd kjennskap til nokre av verktøya blant norske arbeidsgjevarar, og at det er små skilnader mellom kjennskapen til dei ulike verktøya. Nokre færre kjenner til det europeiske enn til det norske rammeverket. Dette er ikkje overraskande, då alle norske utdanningar har utforma læringsutbytteskildringar, og nivået til utdanningane i NKR er oppført på vitnemål, medan EQF er mest relevant for å samanlikne nivå på kvalifikasjonar i ulike kvalifikasjonsrammeverk på tvers av land. Informasjon om NKR og læringsutbytteskildringar er på denne måten meir tilgjengeleg enn EQF. Samstundes kunne vi ut frå dette resonnementet kanskje forventa at kjennskapen til anten NKR eller læringsutbytteskildringar er høgare enn han er, i forhold til EQF.

Det er relevant at dei fleste yrkesaktive – også arbeidsgjevarar – har gjennomført utdanninga si før NKR blei innført i 2011, og derfor sannsynlegvis kjenner til dette i mindre grad. Det kan indikere at kjennskapen blant både verksemdar og arbeidstakarar vil kunne auke etter kvart som stadig fleire kull fullfører utdanningane sine, og ein stadig høgare andel av arbeidsstyrken har denne informasjonen på vitnemåla sine.

Det er ein viss samanheng mellom kjennskapen til eitt av desse verktøya og kjennskapet til eit anna, men korrelasjonen er ikkje veldig høg. Av dei som kjenner til læringsutbytteskildringar, er det 41 prosent som kjenner til NKR, og 29 prosent som kjenner til EQF. Av dei som kjenner til NKR, er det 34 prosent som kjenner til EQF. Av dei som kjenner til EQF, er det 35 prosent som kjenner til læringsutbytteskildringar, og 45 prosent

som kjenner til NKR. Det viser at ei verksemd kan bli kjent med dei enkelte verktøya kvar for seg. Læringsutbytteskildringar kan til dømes ha eigen verdi som eit pedagogisk-didaktisk og eit kommunikativt verktøy uavhengig av både nasjonale og internasjonale kvalifikasjonsrammeverk.


28 prosent av respondentane kjenner til minst eitt av verktøya. Men berre mellom 4 og 6 prosent kjenner to av verktøya, og berre 2 prosent kjenner til alle tre verktøya.

### 2.1.1 Høgast kjennskap i offentleg sektor

Kjennskapen til både NKR, EQF og læringsutbytteskildringar er større i offentleg sektor enn i frivillig og privat sektor. Skilnadene er særleg stor for NKR og læringsutbytteskildringar.

NKR er kjent for 28 prosent av dei offentlege verksemdene, men berre for 12 prosent av dei private verksemdene og 22 prosent av dei frivillige. Læringsutbytteskildringar er kjende for 25 prosent av offentlege verksemdar, men berre for 12 prosent av dei private og 13 prosent av verksemdene i frivillig sektor.

Figur 2 Kjennskap til læringsutbytteskildringar og kvalifikasjonsrammeverk, etter sektor. 2022. Prosent. N=1700




Minst skilnad er det når det gjeld kjennskapen til EQF, kor vi ser 15 prosent i offentleg sektor og 11 og 13 prosent i høvesvis privat og frivillig sektor.

Ved hjelp av logistisk regresjon ser vi likevel at vi kan forklare store delar av skilnaden mellom offentlege og private verksemdar med skilnader mellom ulike næringer. Datagrunnlaget gjer det utfordrande å isolere effekten av sektor frå effekten av bransje, ettersom fleire bransjar i hovudsak dekkjer berre ein sektor. I bransjane der sektortilhøyre varierer finn vi likevel ikkje signifikante skilnader mellom sektorane. Dette gjev oss grunn til å tru at bransjetilhøyre i større grad bidrar til å predikere kjennskap til NKR og læringsutbytteskildringar. Når det gjeld kjennskap til EQF finn vi ikkje signifikante skilnader mellom korkje sektorar eller bransjar.

## 2.1.2 Store skilnader i kjennskap mellom næringer

Det er til dels store skilnader mellom næringer når det gjeld kjennskap til dei ulike verktøya.

Figur 3 Kjennskap til NKR etter næring. 2022. Prosent. N=1700




NKR er best kjent innanfor undervisning, med 39 prosent. Deretter følgjer offentlig administrasjon og forsvar med meir, med 25 prosent, og dessutan helse- og sosialtenester og anna tjenesteyting, med 24 prosent. Undervisning, helse- og sosial, og offentlig administrasjon og forsvar er i stor grad offentlege verksemdar, og vi finn her ei kopling til skilnaden mellom privat og offentlig sektor.

Av verksemdene innan varehandel og reparasjon av motorvogn er det berre 9 prosent som kjenner NKR.

Ved hjelp av logistisk regresjon og predikerte sannsynlegheiter kan vi undersøkje om skilnadene mellom bransjane er statistisk signifikante.<sup>5</sup> Vi ser at sannsynlegheita for kjennskap for undervisning skil seg signifikant frå nesten ¼ av bransjane, medan offentlig administrasjon, forsvar og trygd samt anna tjenesteyting ikkje gjer det (på trass av høge andeler). Helse- og sosialtenester skil seg også ut, men er berre signifikant ulikt frå bransjane med aller lågast kjennskap.

Figur 4 Kjennskap til læringsutbyteskildringar, etter næring. 2022. Prosent. N=1700

<sup>5</sup> For meir informasjon, sjå vedlegg.




Læringsutbyteskildringar er mest kjende innan undervisningsbransjen (27 prosent) og helse- og sosialtenester (24 prosent), som i stor grad er offentlege verksemdar. I tillegg er dei godt kjende innanfor overnattings- og serveringverksemd og kulturell verksemd, underholdning og fritidsaktivitetar (båe med 21 prosent). Læringsutbyteskildringar er minst kjende innanfor forretningsmessig tenesteyting (3 prosent).

Frå predikerte sannsynlegheiter<sup>6</sup> for kjennskap mellom bransjar ser vi at det er nettopp undervisning og helse- og sosialtenester som skil seg signifikant frå resten av bransjane når det gjeld kjennskap til læringsutbyteskildringar – mellom resten av bransjane er skilnadene ikkje signifikante. Vi finn ikkje grunnlag for å fastslå signifikante skilnader på tvers av bransjar når det gjeld kjennskap til EQF. Vi ser derimot at utdanningsnivået på tilsette kanskje har ein marginal samanheng, der kjennskapen ser ut til å vere høgare på arbeidsplassar med større del tilsette med høgare utdanning eller høgare yrkesfagleg utdanning (universitet/høgskule/fagskule).

Figur 5 Kjennskap til EQF, etter næring, 2022. Prosent. N=1700

<sup>6</sup> For meir informasjon, sjå vedlegg.



Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket er best kjent i anna tenesteyting (22 prosent), offentlig administrasjon (21 prosent) og undervisning (19 prosent). EQF er minst kjent innan omsetning og drift av fast eigedom (4 prosent), og transport og lagring (5 prosent).

Vi ser nokre generelle tendensar om kjennskapet til kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytteskildringar på tvers av verktøya. Ein av dei er at verksemdar som jobbar med undervisning, skårar høgt for kjennskap, og då særleg til NKR og læringsutbytteskildringar. Undervisning består hovudsakleg av skular og andre utdanningsinstitusjonar, der ein stor del er offentlege verksemdar (77 prosent er offentlege). Sidan kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytteskildringar er verktøy som både har ein viktig pedagogisk-didaktisk forankring, og som regulerer store delar av denne sektoren, burde vi her kunne forvente høgare tal enn for andre bransjar.

Når det gjeld helse- og sosialtenester er høgare tal enn for andre bransjar heller ikkje overraskande. Dette er ein bransje som er knytt til utdanningssektoren, mellom anna ved at det er mange studentar som jobbar i praksis. Praksisverksemdar vil typisk samarbeide med utdanningsinstitusjonane studentane kjem frå, om kva studenten skal lære i perioden, og vil truleg oftare møte på læringsutbytteskildringar på denne måten enn andre verksemdar. Vi finn delvis støtte for dette i tala for kor nyttige verktøya er vurdert å vere. 55 prosent av verksemdene innan helse- og sosialtenester er offentlege.

To næringar som skil seg ut i denne samanhengen er kulturell verksemd med meir, og overnattings- og serveringverksemd. Der kulturell verksemd er ei samansett gruppe med tanke på sektor (50 prosent av verksemdene er offentlege), er overnattings- og serveringverksemd meir eller mindre fullstendig dominert av private verksemdar (93 prosent). Likevel er det heile 21 prosent som kjenner til læringsutbytteskildringar i desse næringane, og dette er ni prosentpoeng høgare enn det som er snitta for private verksemdar. Kulturell verksemd har i tillegg relativt høg kjennskap til NKR (23 prosent). Kategorien for anna tenesteyting skil seg også ut med høg skår for kjennskap til både NKR og EQF, sjølv om berre 18 prosent er offentlege verksemdar.

Det er enkelte bransjar som rapporterer om høgare andel tilsette med utdanning frå utlandet. Verksemdar i kategoriane forretningsmessig tenesteyting og overnattings- og

serveringverksemd rapportar om høg andel personar med utanlandsk utdanning. Sjølv om kjennskapen til EQF er høgare enn for dei andre innanfor forretningsmessig tjenesteyting, er det likevel ikkje noko eintydig mønster i at verksemdar med høg andel med utanlandsk utdanning i større grad kjenner EQF. Kulturell verksemd og anna tjenesteyting, og dessutan industri og primærnæringar har også relativt mange med høg andel tilsette med utdanning frå utlandet, men har lite kjennskap til EQF.

### 2.1.3 Kjennskapen stig med verksemdsstorleik

Det er ein tilsynelatande samanheng mellom storleiken på verksemdene og kjennskapen verksemdene har til læringsutbyteskildringar og kvalifikasjonsrammeverk. Ser vi på fordelingane åleine, aukar både kjennskapen til NKR, EQF og læringsutbyteskildringar med verksemdsstorleik.

NKR er kjent for 13 prosent av små verksemdar, 22 prosent av mellomstore og 27 prosent av dei store verksemdene.

Når det gjeld kjennskapen til læringsutbyteskildringar, er det ein markant skilnad mellom små verksemdar og mellomstore/store verksemdar. 12 prosent av små verksemdar og høvesvis 22 og 23 prosent i mellomstore og store verksemdar kjenner til læringsutbyteskildringar.


Skilnadene vi ser i lys av verksemdsstorleik er størst når det gjeld kjennskapen til EQF, og her går hovudskiljet mellom små/mellomstore og store verksemdar. Medan 11 prosent av dei små og 13 prosent av dei mellomstore verksemdene kjenner EQF, er delen på 27 prosent av store verksemdar. Etter signifikanstesting av skilnadene er det først og fremst mellom dei største og minste verksemdene vi ser signifikante skilnader.<sup>7</sup> Når vi kontrollerer for bransje blir også skilnadene noko redusert, men framleis med markante skilnader mellom dei største og dei minste verksemdene<sup>8</sup>.

*Figur 6 Kjennskap til læringsutbyteskildringar og kvalifikasjonsrammeverk, etter verksemdsstorleik. N=1700. Prosent.*

---

<sup>7</sup> For meir informasjon, sjå vedlegg.

<sup>8</sup> For meir informasjon, sjå vedlegg.




Vi kunne kanskje forventa at små verksemdar, som svarer at dei har klart fleire tilsette med utanlandsk utdanning, er meir kjende med EQF, men sidan også desse i større grad har tilsette med vidaregåande opplæring, ser det ut til at denne effekten ikkje kjem til uttrykk her.

#### 2.1.4 Mange kjenner ikkje til verktøya

Ein stor del av verksemdene svarer at dei ikkje har kjennskap til nokre av dei tre verktøya vi har spurt om. Totalt 72 prosent kjenner korkje NKR, EQF eller læringsutbyteskildringar. Det er ein langt høgare andel av verksemdene i privat og frivillig sektor enn i offentleg sektor som ikkje kjenner verktøya. Andelen er 75 prosent i privat, 72 i frivillig og 55 prosent i offentleg sektor. Med andre ord kjenner om lag halvparten av offentlege verksemdar til minst eitt av desse verktøya. Ein god del av dette er sannsynlegvis knytt til bransjane, slik vi har kommentert over. Det kan vere fleire grunnar til at svært mange verksemdar i privat sektor ikkje kjenner til desse. Mogelege delforklaringar kan vere type bransjar som dominerer i privat sektor, tilgjenge på informasjon, samarbeid med utdanningssektoren eller behovet for å oppsøkje meir informasjon om utdanningskvalifikasjonar.

Det er også ein større andel av de små verksemdene som ikkje har kjennskap til verktøya. 75 prosent i små verksemdar under 20 tilsette, 63 prosent i mellomstore verksemdar (21–100 ansatte) og 50 prosent i store verksemdar (101 eller fleire ansatte). For verksemdar i privat sektor er dei tilsvarande tala for både små og mellomstore verksemdar 77 prosent. Merk at for desse tala er respondenttala for store verksemdar relativt små. Det er med andre ord knytt større uvissheit til desse enn for dei små og mellomstore verksemdene.

Figur 7 Kjenner ikkje til læringsutbyteskildringar eller kvalifikasjonsrammeverk, etter næring. Prosent. N=1700.



Næringar dominert av verksemdar i privat sektor, og med ein overrepresentasjon av små verksemdar, har tydeleg større del verksemdar som ikkje kjenner til nokre av verktøya. Motsett er bransjar med stort innslag av offentlege, og dessutan mellomstore og store verksemdar har relativt låge andelar.

Lågast kjennskap til verktøya finn vi blant verksemdar som jobbar med omsetning og drift av fast eigedom, der 86 prosent ikkje kjenner til nokre av dei tre verktøya. Det er også store andelar innanfor fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting, og byggje- og anleggsverksemd som ikkje kjenner verktøya (både med 80 prosent).

I den andre enden av skalaen ser vi at berre 48 prosent av verksemdene innan undervisning ikkje har kjennskap til nokon av dei tre verktøya. Delane som ikkje kjenner til verktøya, er også lågare i andre typisk offentlege verksemdar som offentleg administrasjon, forsvar og trygd, med 57 prosent, og helse- og sosialtenester, med 59 prosent.


## 2.2 Nytte av NKR og læringsutbytteskildringar

I tillegg til kjennskap til verktøya er nytten verksemdene har av verktøya ein annan føresetnad for at dei skal bli brukte. Vi spurde verksemdene som kjende til verktøya, kor nyttige dei var til ulike føremål.

Det er til saman 23 prosent av verksemdene som kjenner til anten NKR, læringsutbytteskildringar eller både to. Dette utgjør 396 verksemdar, som fekk spørsmål om i kva grad NKR og læringsutbytteskildringar blei brukt og er nyttige for ulike føremål.

*Figur 8 Bruk av NKR og læringsutbytteskildringar til ulike føremål. 2022. n=396. Prosent av dei som kjenner til NKR og læringsutbytteskildringar.*






Ein vesentleg andel av dei som kjenner NKR eller læringsutbytteskildringar bruker ikkje desse verktøya til førmåla som er skildra i spørsmålsbatteriet. Dette gjeld mellom 18 og 25 prosent. 10 prosent av dei som kjenner anten læringsutbytteskildringar eller NKR, bruker det ikkje til nokon av føremåla. I tillegg er det ein lågare andel (3-4 prosent) som ikkje veit kor nyttig verktøyet har vore for føremålet eller om verktøyet har blitt brukt til formålet. Desse gruppene har ikkje nokon føresetnad til å vurdere om dei er nyttige eller ikkje, og vi kan ikkje konkludere med at dei ikkje bruker det fordi det ikkje er nyttig.

Mellom 72 og 79 prosent av dei verksemdene som kjenner til NKR og læringsutbytteskildringar, svarer at dei har brukt verktøya til vurdering for dei ulike formåla i spørsmålsbatteriet. Det er relativt små skilnader mellom dei ulike føremåla.

Denne gruppa har vurdert i kva grad NKR og læringsutbytteskildringar er nyttige for ulike føremål. Figur 28 viser at ein ganske stor del av desse respondentane, som kjenner til og har brukt verktøya til dei ulike formåla, har svart at dei i stor eller svært stor grad har nytte av NKR og læringsutbytteskildringar til dei ulike føremåla.

Mellom 42 og 57 prosent av verksemdene som kjenner til og har brukt verktøya, har i stor eller svært stor grad hatt nytte av dei. Flest har hatt nytte av verktøya for å forstå utdanningskvalifikasjonane til søkjarar (57 prosent), for kartlegging eller skildring av kompetansebehovet for verksemda (55 prosent), for å utvikle interne kompetanseutviklingstiltak (54 prosent), og for å forstå den uformelle kompetansen til søkjarar (54 prosent).

Figur 9 | Kva grad NKR og læringsutbytteskildringar er nyttige for ulike føremål. Andel blant dei som kjenner NKR eller læringsutbytteskildringar. Svaralternativ «veit ikkje» inkludert i figuren som at respondenten ikkje opplever nytte.



Mellom 55 og 70 prosent svarer at NKR og læringsutbyteskildringar i liten eller svært liten grad er nyttige for dei ulike føremåla. Flest finn verktøya lite nyttige for samarbeid med utdanningsinstitusjonar om utvikling av utdanningstilbod, eller til å finne tilbod om kompetanseutvikling i utdanningssektoren.


Verksemdene med erfaring frå NKR og læringsutbyteskildringar har ulike behov, og har truleg brukt verktøya til ulike formål. Funna gjev ein indikasjon på at mange verksemdar opplever ein viss nytte av NKR og læringsutbytte dersom dei først kjenner til dei. Av dei 396 verksemdene som seier at dei kjenner til anten NKR eller læringsutbyteskildringar, og bruker dei, er det 297, eller 75 prosent, som svarer at NKR eller læringsutbyteskildringar er nyttige for minst eitt føremål. Sjølv om det kan tyde på at desse verktøya kan vere nyttige for mange verksemdar, må vi sjå det i forhold til dei overordna tala: Når det gjeld NKR og læringsutbyteskildringar kvar for seg er det heile 89 prosent av verksemdene som anten ikkje kjenner til, bruker eller vurderer det som nyttig. Det gjev oss eit bilete av verktøy som er lite relevant for arbeidsgjevarar, men der det likevel er eit visst potensiale for nytte.

I dei vidare analysane i delkapittelet viser vi berre fordelingane som svarer at dei har nytte av verktøya, og vi har slått saman i stor og i svær stor grad av nytte. Svarkategorien «brukar ikkje «veit ikkje / ikkje relevant» er slått saman med svarkategoriane «i svær liten grad», «i lita grad» og «korkje stor eller liten grad», og blir rekna som at respondentane svarar at dei opplever låg nytte (altså svarkategorien er *ikkje* fjerna frå fordelingene).

### 2.2.1 Offentleg sektor har mest nytte av NKR og læringsutbyteskildringar

I kva grad verktøya blir oppfatta som nyttige varierer mellom offentlig og privat sektor. Frivillig sektor er utelaten frå figuren fordi utvalet er for lite.

*Figur 10 Nyttan av NKR og læringsutbytteskildringar til ulike føremål, etter sektor. Prosent med stor/svært stor grad av nytte av dei som kjenner til og bruker kvalifikasjonsrammeverket.*



Av dei som kjenner til og har brukt verktøyet, er det i hovudsak høgare andel i offentlig enn i privat sektor som vurderer kvalifikasjonsrammeverka som nyttige til dei ulike føremåla.

Berre når gjeld å bruke verktøyet for å forstå den uformelle kompetansen til søkjarar, er det høgare andel private verksemdar som finn verktøyet nyttig (56 prosent) enn i offentlig sektor (47 prosent). For private verksemdar er det dette føremålet, av dei seks alternativa, som flest finn verktøya nyttige for. For offentlig sektor er det omvendt, det vil seia at det er lågast andel som meiner verktøya er nyttige for dette føremålet.

I offentlig sektor er verktøya mest nyttige for kartlegging eller skildring av kompetansebehovet for eigen verksemd (48 prosent) og for å forstå utdanningskvalifikasjonane til søkjarar (47 prosent). I privat sektor er det, saman med uformell kompetanse, ein relativt høg andel som meiner dei er nyttige for å forstå utdanningskvalifikasjonane til søkjarar (44 prosent).

Størst skilnad mellom offentlig og privat sektor finn vi for alternativet å finne tilbod om kompetanseutvikling i utdanningssektoren. 53 prosent av verksemdene i offentlig sektor, som òg kjenner til NKR og læringsutbyteskildringar, meiner verktøyet i stor eller svært stor grad er nyttig til dette føremålet, medan berre 35 prosent av verksemdene i privat sektor meiner det same. Også når det gjeld å vurdere kor nyttige dei er til kartlegging eller skildring av kompetansebehovet for eigen verksemd, er det vesentleg høgare del av offentlege verksemdar (65 prosent) enn private verksemdar (52 prosent) som meinte at det i stor eller svært stor grad var nyttig.

Ser vi nærare på samanhengen mellom nyttevurdering og sektor ved hjelp av logistisk regresjon, finn vi likevel ikkje statistisk signifikante skilnader mellom offentlig og privat sektor, med unntak av for nytten knytt til å «finne tilbod om kompetanseutvikling i utdanningssektoren». Når vi deretter kontrollerer for bransjeskilnader (i bransjar med sektorvariasjon), forsvinn også denne samanhengen. Dette kan tyde på at bransjetilhøyre er viktigare enn sektortilhøyre når det gjeld vurderinga av nytte. Vi ser nærare på bransjetilhøyre under.

### 2.2.2 Særleg nyttig for helse- og sosialtenester

Også når det gjeld kor nyttig verktøyet er til ulike formål, er det ein del skilnader mellom næringar. På grunn av lite utval kan vi berre sjå på dei fire næringane helse- og sosialtenester, undervisning, varehandel/reparasjon av motorvogn og bygge- og anleggsverksemd. Størst variasjon finn vi når det gjeld nytte for utvikling av egne/interne kompetanseutviklingstiltak. Her varierer andelane som vurderer verktøya som nyttige frå 36 prosent innanfor undervisning til heile 75 prosent innanfor helse- og sosialtenester.

Verksemder innan helse- og sosialtenester skil seg klart ut ved at dei i størst grad vurderer verktøya som nyttige til dei fleste av føremåla. 75 prosent av dei fann verktøya nyttige for utvikling av interne kompetanseutviklingstiltak, 73 for kartlegging eller skildring av kompetansebehovet for verksemda, 71 prosent for samarbeid med utdanningsinstitusjonar om utvikling av utdanningstilbod, og 66 prosent for å forstå utdanningskvalifikasjonane til søkjarar.<sup>9</sup> Når det gjeld å forstå den uformelle kompetansen til søkjarar, ligg helse- og sosialtenester omtrent på gjennomsnittet for alle verksemdene som kjenner til og bruker verktøya.

Undervisning, som er den næringa som i størst grad kjenner til NKR og læringsutbytteskildringar, svarer meir variert når det gjeld nytte. Dei ligg over snittet når det gjeld å samarbeide med utdanningsinstitusjonar om utvikling av utdanningstilbod (61 prosent) og finne tilbod om kompetanseutvikling i utdanningssektoren (55 prosent), men ligg godt under snittet i andelen som finn verktøya nyttige for utvikling av interne kompetansehevingstiltak av interne (36 prosent) og for å forstå den uformelle kompetansen til søkjarar (43 prosent) eller utdanningskvalifikasjonane til søkjarar (50 prosent). For undervisning finn me ingen signifikante forskjellar i vurderinga av nytte, samanlikna med andre bransjar.

Varehandel og reparasjon av motorvogner ligg omtrent på gjennomsnittet når det gjeld nytte til ulike føremål, men med ein noko lågare andel som vurderer verktøya som nyttige for samarbeid med utdanningsinstitusjonar om utvikling av utdanningstilbod. På dette feltet skårar bygge- og anleggsverksemd vesentleg høgare, med 57 prosent. Bygg og anlegg vurderer også i større grad enn totalen at NKR og læringsutbytteskildringar er nyttig for utvikling av egne/interne kompetanseutviklingstiltak, men ligg godt under snittet når det gjeld nytte for å forstå den uformelle kompetansen til søkjarar.

### 2.2.3 Ulike føremål for små og mellomstore verksemder

Det er skilnader mellom små og mellomstore verksemder når det gjeld i kva grad dei opplever NKR og læringsutbytteskildringar som nyttige. Når det gjeld store verksemder, er utvalet så lite at vi har tatt dei ut av figuren. Som vi har peika på tidlegare er det viktig å vere merksam på at dette er andelar blant dei som kjenner til NKR og læringsutbytteskildringar.

Generelt ser vi i figur 30 at verktøya har større nytte for små enn mellomstore verksemder når det gjeld å forstå uformell kompetanse og utdanningskvalifikasjonar. Fleire mellomstore verksemder opplever på si side nytte av verktøya for å finne kompetanseutviklingstilbod,

---


<sup>9</sup> Med unntak av «forstå søkjarars utdanningskvalifikasjoner», skil vurdering av nytte i helse- og sosialtenester seg signifikant frå andre bransjar når vi kontrollerer desse ved hjelp av logistisk regresjon / predikerte sannsynlegheiter. Sjå appendiks for detaljar.

samarbeide med utdanningssektoren og for kartlegging av kompetansebehovet for verksemda.

Størst skilnad finn vi når det gjeld å forstå den uformelle kompetansen til søkjarar. Det er ein større del av små verksemder (57 prosent) enn mellomstore (48 prosent) som har nytte av verktøya til dette føremålet.

For både små og mellomstore verksemder er det 55 prosent som rapportar om nytte av verktøya for bruk til å utvikle eigne kompetanseutviklingstiltak.

Figur 11 Nyttan av NKR og læringsutbytteskildringar til ulike føremål, etter verksemdsstorleik. n=396. Prosent som i stor/svært stor grad har nytte av verktøyet til ulike føremål av dei som kjenner kvalifikasjonsrammeverket.



Når det gjeld å finne tilbod om kompetanseutvikling i utdanningssektoren, ser vi dei lågaste skårane, med høvesvis 39 og 44 prosent. Skilnaden i skår på desse to variablane gjev ein indikasjon på at NKR og læringsutbytteskildringar er mindre relevant for verksemdene når det gjeld etter- og vidareutdanning. Poenget blir styrka når vi ser at kompetanseutviklingstiltak i utdanningssektoren er det området kor klart flest rapporterer at dei ikkje bruker NKR og læringsutbytteskildringar. Det er som nemnd stor skilnad mellom offentlege og private verksemder, der NKR og læringsutbytteskildringar blir vurderte som nyttig for å finne kompetanseutviklingstiltak i utdanningssektoren av berre 35 prosent av private verksemder, mot 53 prosent av dei offentlege verksemdene.


Store verksemder opplever i større grad enn små og mellomstore verksemder at det er nyttig å finne tilbod om kompetanseutvikling i utdanningssektoren, kartleggje eller skildre kompetansebehovet for eiga verksemd eller for å forstå utdanningskvalifikasjonane til søkjarar.

## 2.3 Nyttan av det Europeiske kvalifikasjonsrammeverket EQF

Vi har også undersøkt bruken og nytten av det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF) blant dei som kjenner til dette verktøyet.

Det er 12 prosent av verksemdene som kjenner til EQF. Dette utgjør 196 verksemdar. Dei fekk spørsmål om i kva grad verktøyet var nyttig for rekruttering av søkjarar med utanlandsk utdanning, for å samanlikne norske og utanlandske kvalifikasjonar og for å forstå utanlandske utdanningssystem.

Figur 12 Bruk av det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF) til ulike føremål. n=196. Prosent av dei som kjenner til EQF




Blant dei som kjenner det europeiske kvalifikasjonsrammeverket, er det ein høg andel, 28–31 prosent, som ikkje har brukt verktøyet til dei ulike formåla vi har spurt om. Det er stor overlapp mellom dei som ikkje bruker verktøya til dei ulike formåla, og til saman er det så mange som 27 prosent av dei som kjenner til EQF, som ikkje har brukt det til nokre av dei tre formåla. Det finnst i tillegg ein liten andel som ikkje veit nok til å kunne vurdere nytten av verktøyet til dei ulike føremåla.

Mellom 66 og 69 prosent av dei verksemdene som kjenner EQF, svarer at dei bruker verktøya til dei ulike føremåla i spørsmålsbatteriet. Figur 32 viser i kva grad desse verksemdene, som både kjenner og har brukt EQF, vurderer verktøyet som nyttige til ulike føremål. Det er små skilnader i nytte for dei ulike formåla, og sterk korrelasjon mellom dei.<sup>10</sup> Dette kan tyde på at alternativa fangar opp mykje av det same forholdet, eller at det er andre, bakanforliggjande forhold som gjer at det er så sterk korrelasjon.

Det er svaralternativet å samanlikne norske og utanlandske kvalifikasjonar, som har høgast andel verksemdar som meiner EQF er nyttig når det gjeld å samanlikne norske og utanlandske kvalifikasjonar. Som tidlegare understreka gjeld dette for dei verksemdene som kjenner og bruker det europeiske kvalifikasjonsrammeverket. Totalt er det 42 prosent som meiner verktøyet i stor grad eller svært stor grad er nyttig for dette føremålet, og 24 prosent i svær stor grad. Det er 41 prosent som meiner EQF i stor/svært stor grad er nyttig til å forstå utanlandske utdanningssystem, medan 39 prosent meiner verktøyet i stor/svært stor grad er nyttig for rekruttering av søkjarar med utanlandsk utdanning.

<sup>10</sup> Korrelasjonen mellom svara på desse tre spørsmåla spenner frå 0,91 til 0,99 (der 0 er ingen korrelasjon og 1 er fullstendig korrelasjon)

Figur 13 Nytte av det europeiske kvalifikasjonsrammeverket til ulike føremål. Prosent av dei som kjenner til EQF utan bruk ikkje/veit ikkje.



Skilnaden mellom privat og offentlig sektor er størst for alternativet «Å forstå utanlandske utdanningssystemer». 47 prosent av offentlege verksemdar og 40 prosent av private verksemdar som kjenner EQF, meiner verktøyet i stor/svært stor grad er nyttig til dette føremålet.

Til saman tyder det at berre 4 prosent av alle verksemdar seier at dei kjenner til, bruker og vurderer EQF som nyttig for minst eitt føremål. Det gjev eit totalbilde av at EQF er svært lite relevant for norske arbeidsgjevarar, men også at det er avgrensa kor nyttig det er for dei som kjenner til det.

### 3 Oppsummering

Ein føresetnad for at kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytteskildringar blir brukte av norske verksemdar, er at verksemdene kjenner til dei og veit kva dei kan brukast til. Resultata av undersøkinga vår tyder på at det er ein avgrensa og relativt lik del av verksemdene som kjenner til læringsutbytteskildringar, NKR og EQF. Det er noko grad av overlapp og ein svært liten del som kjenner til alle dei tre verktøya, noko som tyder på at dei til ei viss grad har ulike målgrupper og bruksområde.

Kjennskapen er høgast i offentlig sektor og i store verksemdar, og det er til dels store skilnader mellom næringane. Verksemdar innanfor undervisning, helse- og sosialtenester, offentlig administrasjon og forsvar, og anna tjenesteyting har størst kjennskap til verktøya. Dei fleste verksemdene, heile 72 prosent, kjenner ikkje til nokon av dei tre verktøya. Delen er høgast i privat og frivillig sektor og i små verksemdar, og det er også her store skilnader mellom næringar.

Samstundes er både bruken og nytten av verktøya slik at auka kjennskap har eit visst potensiale for å bidra til auka bruk. Det er også grunn til å tru at kjennskapen, særleg til NKR og læringsutbyteskildringar, vil auke både i befolkninga og blant arbeidsgjevarar etter kvart som stadig større delar av arbeidsstyrken får informasjon om nivå og læringsutbyte på vitnemåla sine.

Viss kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbyteskildringar skal bli brukt av verksemdene, er det også viktig at verktøya blir opplevt som relevante og nyttige. Verksemdar har ulike behov og bruker verktøya til ulike føremål. I undersøkinga fann vi at mange verksemdar som kjenner til læringsutbyteskildringar og NKR, eller til EQF, ikkje har brukt verktøya til dei tenkte føremåla, utan at vi veit noko om kva som er årsakene til at dei ikkje bruker dei. Andelane ikkje-brukare varierer frå 18-31 prosent av dei som kjenner verktøya, og er høgare for EQF enn for NKR og læringsutbyteskildringar. Høvesvis 10 og 27 prosent av dei som kjenner til NKR/læringsutbyteskildringar og EQF, har ikkje brukt det til nokre av aktivitetane vi har spurt om. Her må vi ta atterhald om vi har klart å fange opp den mest relevante bruken ved spørsmåla våre, eller om verktøya blir brukte til andre føremål enn det vi har spurt om.

Det er relativt mange av dei som har brukt verktøya, som i stor eller svært stor grad har nytte av dei til ulike føremål. Over halvparten av verksemdene som bruker NKR og læringsutbyteskildringar meiner det er nyttig for å forstå utdanningskvalifikasjonane til søkjarar, karlegging eller skildring av kompetansebehovet for eiga verksemd, for å utvikle interne kompetanseutviklingstiltak og for å forstå den uformelle kompetansen til søkjarar. Offentlege verksemdar har i større grad nytte av dei enn private, bortsett frå når det gjeld å forstå den uformelle kompetansen til søkjarar som er langt nyttigare i privat sektor. Og medan små verksemdar finn verktøya nyttige for å forstå uformell kompetanse og utdanningskvalifikasjonar, synast mellomstore verksemdar i høgare grad enn små at dei er nyttig for kartlegging av kompetansebehovet for verksemda, samarbeid med utdanningssektoren om utdanningstilbod og for å finne tilbod om kompetanseutvikling.

Det kan sjå ut til at verksemdene opplever EQF som mindre nyttig enn NKR og læringsutbyteskildringar. Rundt fire av ti av dei som har brukt EQF, meiner det er nyttig for å samanlikne norske og utanlandske kvalifikasjonar, forstå utanlandske utdanningssystem og for rekruttering av personar med utanlandsk utdanning. Det er ein høgare andel av offentlege verksemdar som opplever det som nyttig for å forstå utanlandske utdanningssystem. Nyttan aukar også med verksemdsstorleiken.

Alt i alt dannar desse tala eit bilete av at NKR, EQF og læringsutbyteskildringar er relativt lite relevant for norske arbeidsgjevarar, der både kjennskapen, bruken og nytten totalt er låg. Vi kan ikkje utelukke at kjennskap er den viktigaste faktoren for at dei ikkje er meir relevant i arbeidslivet, og somme av tala indikerer at det er eit større potensiale her. Likevel har vi eit svakt grunnlag for å anta at vurderingane for nytte av dei ulike verktøya er representative også for den gruppa som ikkje kjenner til verktøya.





DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 | [NOKUT.NO](https://www.nokut.no)